



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 28.10.2021
Møtestad: Slissøyana/Skarvøyana Fedje fleirbruksahll
Møtetid: 17:15 - 19:00

NAV Fensfjorden var på besøk i starten av møtet, dei orienterte om kva tenester NAV Fensfjorden leverer til kommunane, dei informerte og om korleis dei jobbar.

Møtedeltakarar	Parti
Bjørn Solbakk	Frp
Anna Marit Storemark	Ap
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp
Otto-Andre Nordby	H
Silje Sulen Gullaksen	H

Møtedeltakarar vara	Parti
Arild Magne Karlsen	Ap
Einar Ophaug	H
Elin Iren Øien Solbakk	Frp
Ingard Kåre Kahrs	H
Jan Erling Borge	Ap
Morten Egil Øien	H

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Stian Herøy	H
Einar Villanger	Ap
Ernst Horgen	H
Frode Hjønnvåg	Frp
Paul Gunnar Gullaksen	H
Paul Magnar Knapskog	H
Thea Koppen Blomvågnes	Ap

Følgjande frå administrasjonen møte:

Annika Tvedt Villanger, Bjarte Villanger, Gjermund Hagesæter, Jan Torry Sande, Kristin Handeland

Sakliste

Saknr	Tittel
062/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
063/21	Godkjenning av møtebok
064/21	Referatsaker
065/21	Tertialrapport, mai - august 2021
066/21	Budsjettregulering etter 2. tertial 2021
067/21	Midlar til innkjøp og utstyr på sjukeheimen
068/21	Godtgjersle for val arbeid Fedje kommune
069/21	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031
070/21	Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall og delegasjon av mynde for deltakarkommunane i NGIR
071/21	Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgavefellesskap
072/21	Delegeringsreglement 2021 - stadfesting av vedtak
073/21	Inkurie alkoholpolitisk plan 2020 - 2024
074/21	Eventuell rekrutteringsprosess
075/21	Val av nytt ungdomsråd
076/21	Gruppa for Fedje ungdomsklubb
077/21	Eventuelt

062/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

Hans Erik Waage (Ap) fremja forslag om å få ei sak inn på sakslita på møtet. Sakak omhandar ungdomsklubben. Det vart røysta over om saka skulle inn på sakskartet på møtet i dag. Saka vart oppretta i møtet 076/21.

Samrøystes vedeke.

K - sak 062/21 Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

063/21: Godkjenning av møtebok

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 063/21 Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

064/21: Referatsaker

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

Rådmannen orienterte om:

- tilsett vert omplasert frå legekantor til Fellestenester, det vert lyst ut etter sjukepleiar/helsesekræter til legekantoret.

- Intensjonen er å senda ut budsjett for 2022, 29.10.21.

-Infomerte om at Samfunnsplanleggjar har sagt opp stillinga. Rådmannen orienterte vidare om at denne stillinga kan verta gjort om til anna stillingstittel.

K - sak 064/21 Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

065/21: Tertialrapport, mai - august 2021

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 081/21 Vedtak:

Kommunestyret tek 2. tertialrapporten 2021 til vitande.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 065/21 Vedtak:

Kommunestyret tek 2. tertialrapporten 2021 til vitande.

Samrøystes vedteke.

066/21: Budsjetregulering etter 2. tertial 2021

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 091/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek budsjettendringane som dei ligg føre.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 066/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek budsjettendringane som dei ligg føre.

Samrøystes vedteke.

067/21: Midlar til innkjøp og utstyr på sjukeheimen

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 082/21 Vedtak:

Sjukeheimen får kr. 350 000,- av fondsmidlar for å kunne gå til innkjøp av naudsynte møblar/inventar til brukarrelaterte rom, innreiing av ØHD-rommet og medisinerom/lab og møterom legar/pleie og omsorgsleiar.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 067/21 Vedtak:

Sjukeheimen får kr. 350 000,- av fondsmidlar for å kunne gå til innkjøp av naudsynte møblar/inventar til brukarrelaterte rom, innreiing av ØHD-rommet og medisinerom/lab og møterom legar/pleie og

omsorgsleiar.

Samrøystes vedteke.

068/21: Godtgjersle for val arbeid Fedje kommune

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 084/21 Vedtak:

Medlemmane i valstyret får møtegodgjeriing for dei gongane dei møter i samband med valarbeid.

Medlemmane i røystestyret får møtegodgjeriing for dei gongane dei møter i samband med valarbeid. Møtegodtgjersla vert sett til den godtgjersla formannskapet får for kvart møte. For tida er møtegodtgjersla sett til 500,- kr for kvart møte.

Leiar for røystestyret får ei godtgjeriing på 3000,- kr. i tillegg til møtegodtgjersle.

Nestleiar for røystestyret får ei godtgjeriing på 1500,- kr i tillegg til møtegodtgjersle.

Valmedarbeidarar som har tapt arbeidsinntekt får dette godtgjort etter dei vedtaka kommunestyre har sett for tapt arbeidsinntekt.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn. Ekstra godtgjeriing for tilsette som er valansvarleg i kommunen vert teke vekk.

Pensjonistar som tek del i valarbeidet som ikkje er medlemmar i røyste eller valstyret får pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget og møtegodgjeriing når dei møter på opplæring.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 068/21 Vedtak:

Medlemmane i valstyret får møtegodgjeriing for dei gongane dei møter i samband med valarbeid.

Medlemmane i røykestyret får møtegodtgjering for dei gongane dei møter i samband med valarbeid. Møtegodtgjersla vert sett til den godgjersla formannskapet får for kvart møte. For tida er møtegodtgjersla sett til 500,- kr for kvart møte.

Leiar for røykestyret får ei godtgjering på 3000,- kr. i tillegg til møtegodtgjersle.

Nestleiar for røykestyret får ei godtgjering på 1500,- kr i tillegg til møtegodtgjersle.

Valmedarbeidarar som har tapt arbeidsinntekt får dette godtgjort etter dei vedtaka kommunestyre har sett for tapt arbeidsinntekt.

Tilsette som tek del i valarbeidet, får løn og eventuelt overtid etter ordinere avtalar for løn. Ekstra godtgjering for tilsette som er valansvarleg i kommunen vert teke vekk.

Pensjonistar som tek del i valarbeidet som ikkje er medlemmar i røyste eller valstyret får pensjonistløn for dei timane dei er på valtinget og møtegodtgjering når dei møter på opplæring.

Samrøystes vedteke.

069/21: Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 085/21 Vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.

Fedje kommune sluttar seg til at kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag koordinera og organisera oppføring av prioriterte område i planen.

Fedje kommune sluttar seg til at det vert utarbeid handlingsplanar for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.

Fedje kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 069/21 Vedtak:

Fedje kommune sluttar seg til innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.

Fedje kommune sluttar seg til at kommunalsjefsgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag koordinera og organisera oppføring av prioriterte område i planen.

Fedje kommune sluttar seg til at det vert utarbeid handlingsplanar for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenne tiltak i handlingsplan.

Fedje kommune legg til grunn at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.

Samrøystes vedteke.

070/21: Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldsavfall og delegasjon av mynde for deltakarkommunane i NGIR

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 087/21 Vedtak:

Ny forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR:

Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall vert vedteke, men slik at Fedje kommune sjølv skal krevje inn renovasjonsgebyr frå eigedomar i kommunen for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Forskrifta gjeld frå den dato då den siste av deltakarkommunane i NGIR har vedteke forskrifta. Frå same tidspunkt vert FOR-2000-10-05-1706: Forskrift om innsamling av forbruksavfall, oppheva.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i NGIR.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samtidig med kunngjering i Norsk Lovtidende.

Delegasjon av mynde til NGIR:

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgaver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 070/21 Vedtak:

Ny forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR:

Forslag til ny lokal forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall vert vedteke, men slik at Fedje kommune sjølv skal krevje inn renovasjonsgebyr frå eigedomar i kommunen for oppsamling, innsamling, transport og handsaming av hushaldsavfall.

Forskrifta gjeld frå den dato då den siste av deltakarkommunane i NGIR har vedteke forskrifta. Frå same tidspunkt vert FOR-2000-10-05-1706: Forskrift om innsamling av forbruksavfall, oppheva.

Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidende når forskrifta er vedteken av alle deltakarkommunane i NGIR.

Forskrifta skal gjerast tilgjengeleg på kommunen si nettside samtidig med kunngjering i Norsk Lovtidende.

Delegasjon av mynde til NGIR:

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å treffa enkeltvedtak for å ivareta sine oppgaver etter forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om dispensasjonar frå plikten til å betala renovasjonsgebyr og til å vedta at ein eigedom er omfatta av tvungen renovasjon.

Med heimel i LOV-1981-03-13-6: Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 83 får Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS mynde til å behandla saker og treffa vedtak om kontroll og pålegg om endringar knytt til oppsamlingseiningar, hentestader, leveringsstader, køyreveg, åtkomstveg, transportveg og oppstillingsplassar.

Samrøystes vedteke.

071/21: Utviding av IKT Nordhordland kommunalt oppgavefelleskap

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 088/21 Vedtak:

- 1.Fedje kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgavefelleskap vert utvida med Aurland kommune.
- 2.Fedje kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgavefelleskap slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 071/21 Vedtak:

- 1.Fedje kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgavefelleskap vert utvida med Aurland kommune.
- 2.Fedje kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgavefelleskap

slik den ligg føre.

Samrøystes vedteke.

072/21: Delegeringsreglement 2021 - stadfesting av vedtak

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 083/21 Vedtak:

Fedje kommune fortsett med å bruke plattformen «KF Delegering» for publisering, og arbeid med delegeringsreglementet.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 072/21 Vedtak:

Fedje kommune fortsett med å bruke plattformen «KF Delegering» for publisering, og arbeid med delegeringsreglementet.

Samrøystes vedteke.

073/21: Inkurie alkoholpolitisk plan 2020 - 2024

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 089/21 Vedtak:

Punkt nr. 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider vert endra til:

Opningstider

Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 073/21 Vedtak:

Punkt nr. 3 del II i forskrift om sals, skjenke- og opningstider vert endra til:

Opningstider

Opningstida er ein halv time lengre enn skjenketida – dersom ikkje anna er bestemt.

Samrøystes vedteke.

074/21: Eventuell rekrutteringsprosess

Formannskapet 20.10.2021

Behandling:

F - sak 090/21 Vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt to tillitsvalde til å styre ein eventuell prosess fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøte snarast mogleg leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 074/21 Vedtak:

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt to tillitsvalde til å styre ein eventuell prosess fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Grappa skal i kommunestyremøte snarast mogleg leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for grappa.

Samrøystes vedteke.

075/21: Val av nytt ungdomsråd

Kommunestyret 28.10.2021

Forslag til vedtak, foreslått av Kamilla Bjerkholt Karlsen, Arbeiderpartiet

Samansetning av ungdomsråd 2021-2023

Følgjande vert valde til ungdomsråd for Fedje kommune:

Frå kommunestyret: Otto André Nordby

Elevrådsleiar frå Fedje skule: Sindre Waage

Medlem VGS – Amalie H. Kleppe vald til 2023

Medlem – Torkild Ratcliffe vald til 2023

Medlem – Ragnhild Marlene Knappen Kahrs vald til 2023

Varamedlem:

Varamedlem frå kommunestyret: Kristin Aase

Vara for elevrådsleiar, nestleiar frå elevrådet: Tijana Radic

Varamedlem: Brede Opsahl vald til 2023

Varamedlem: Hanna Holgersen vald til 2023

Varamedlem: Jos Verhofstad vald til 2023

Varamedlem har møte-, forslags –og uttalerett, men ikkje røysterett. Varamedlem skal ha møtegodtgjering når dei møter.

Behandling:

Forslag frå Hans Erik Waage (Ap) Ein endrar det at det skal vera ein elev ved Austrheim vidaregåande skule som skal vera medlem i ungdomsrådet til at det skal vera ein elev frå vidaregåande skule med i ungdomsrådet.

K - sak 075/21 Vedtak:

Samansetning av ungdomsråd 2021-2023

Følgjande vert valde til ungdomsråd for Fedje kommune:

Frå kommunestyret: Otto André Nordby
Elevrådsleiar frå Fedje skule: Sindre Waage
Medlem VGS – Amalie H. Kleppe vald til 2023
Medlem – Torkild Ratcliffe vald til 2023
Medlem – Ragnhild Marlene Knappen Kahrs vald til 2023

Varamedlem:
Varamedlem frå kommunestyret: Kristin Aase
Vara for elevrådsleiar, nestleiar frå elevrådet: Tijana Radic
Varamedlem: Brede Opsahl vald til 2023
Varamedlem: Hanna Holgersen vald til 2023
Varamedlem: Jos Verhofstad vald til 2023

Varamedlem har møte-, forslags –og uttalerett, men ikkje røysterett. Varamedlem skal ha møtegodtgjering når dei møter.

Ein elev frå Austrheim vidaregåande skule vert endra, til ein elev frå vidaregåande skule.

Samrøystes vedteke.

076/21: Gruppa for Fedje ungdomsklubb

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

K - sak 076/21 Vedtak:

Gruppa for lokalisering av Ungdomsklubb får nytt namn Gruppa for Fedje Ungdomsklubb, der gruppa konstituerer seg på nytt.

Gruppa vil få ansvar for å forme og drifte ungdomsklubben fram til hausten 2022. Personer over 18 år kan vere ansvarlig for drifta.

Kommunestyret ber Ungdomsrådet om å utarbeide eit reglement for Fedje Ungdomsklubb.

Kommunestyret ber rådmannen om å etablere breiband i lokalet til Fedje Ungdomsklubb snarast råd. Etableringskostnaden blir dekkja inn ved midlane gruppa fekk tildelt for lokalisering av ungdomsklubb i 2021.

Samrøystes vedteke.

077/21: Eventuelt

Kommunestyret 28.10.2021

Behandling:

Sjukeheimsgruppa ved Marit S Øien (Frp) og Kamilla KB Karlsen (Ap), orienterte om sjukeheimsgruppa sitt arbeid. Sjukeheimsgruppa kjem ikkje lenger i sitt arbeid før Fedje kommune får dette inn i økonomiplanen.

Hans Erik Waage (Ap) orienterte om framdrifta med etablering av ungdomsklubb i "Posten" . Spørsmål frå Kamilla KB Karlsen (Ap): kva plass har Eldrerådet og Ungdomsrådet i vårt kommunestyre? Det er fleire kommunar i Vestland som inviterar ungdomsråd og eldreråd til kommunestyret for å orientera om kva dei jobbar med og er opptatt av. Kva planer har ordføraren for dette i vår kommune?

Ordførar svarte at kommunestyret har representant i eldreråd og ungdomsråd, men at ein kunne komma tilbake til den saka ved eit seinare høve.

Spørsmål frå Gidske B Kolltveit (Ap) : Ordførar krev at politikarane kjem med skriftlege spørsmål til formannskap og kommunestyre om dei ynskjer svar på spørsmåla i møta, medan det i møteprotokollane ikkje kjem fram i protokollen kva ordførar svarte på spørsmåla, det står berre "ordførar svarte". Representanten Kolltveit ber om at når representantane må spørja skriftleg, må og ordførar svara skrifteleg.

Ordførar sa seg enig med representanten. Ordførar sa at frå no av vil det verta skriftlege svar på innkomne spørsmål.

K - sak 077/21 Vedtak:

Det vert ikkje fatta vedtak under eventuelt.
